



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 10.06.2026

Vår ref.: 202517365-8 Oppgje ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Herman Lange

Johnsen, 22 95 98 27, [herj@nve.no](mailto:herj@nve.no)

## Høring av konsesjonssøknad om nye mastar langs deler av 420 kV kraftleidningen Refsdal–Modalen

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad frå Statnett SF for etablering av nye mastar til nye toppliner på to strekningar over ca. 5 km og 11,5 km parallelt med eksisterande 420 kV kraftleidning Refsdal–Modalen i Vik, Vaksdal og Modalen kommunar og Voss herad i Vestland fylke. Tiltaket vil erstatta dagens toppliner på kraftleidningen langs dei same strekningane som Statnett søker om å riva.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine internettsider [www.nve.no/25855/A](http://www.nve.no/25855/A).

### Høyringsfråsegn kan sendast til NVE innan 14. august 2026

Gjennom høring av konsesjonssøknaden ønskjer NVE å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

Høyringspartar kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på sakas internettside
- via e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202517365 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli referert i saka. Om fråsegna er lang, oppfordrar NVE høyringspartane til å sjølv skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Fråsegnene er offentlege dokument som vil vere tilgjengelege på internett.

### Søknaden

Statnett søker om å ta ned eksisterande toppliner over to strekningar på dagens 420 kV kraftleidning Refsdal–Modalen og å etablere nye toppliner i nye mastar, såkalla monomastar, parallelt med den eksisterande leidningen. På den eine strekningen, som er ca. 5 km lang, planleggar Statnett å etablere 22 mastar på sørsida av dagens leidning. På den andre strekninga, som er ca. 11,5 km lang, ønskjer Statnett å etablere 45 mastar på nordsida av den eksisterande leidninga. Dei to strekningane er vist på kartet nedst i dette dokumentet.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

[www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

Statnett skrivar at leidningen mellom Refsdal og Modalen er viktig for strømforsyninga av bergensområdet og at tiltaket dei no søker er nødvendig for å oppretthalde driftstryggleiken i periodar med ising og sterk vind. Tiltaket går gjennom Stølsheimen landskapsvernområde.

Statnett SF søker om konsesjon i medhald av energilova.

Statnett SF søker òg om ekspropriasjonsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje, eige og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Statnett SF om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde. Grunn- og rettshavarar som ekspropriasjonssøknaden angår, kan finne relevant informasjon om kva det inneber på [www.nve.no/grunneierinfo](http://www.nve.no/grunneierinfo).

## Informasjon til kommunane

NVE ber om at kommunane legg ut søknaden til offentleg ettersyn. NVE ber vidare kommunane leggje søknaden ut på sine internettsider og ev. sosiale medium, og å orientere aktuelle lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m. fl. om søknaden.

## Spørsmål om saka?

Opplysningar om NVE si sakshandsaming kan de få ved å kontakte NVE v/Herman Lange Johnsen, tlf. 22 95 98 27 eller e-post [herj@nve.no](mailto:herj@nve.no). Spørsmål om søknaden kan de rette til Statnett SF v/ Maria Kløverød Lyngstad, tlf. 986 46 247 eller e-post [maria.lyngstad@statnett.no](mailto:maria.lyngstad@statnett.no).

Med helsing

Tor Carlsen  
fagleiar

Herman Lange Johnsen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

### Mottakarliste:

VAKSDAL KOMMUNE  
Modalen kommune  
VIK KOMMUNE  
Forsvarsbygg  
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) - Region Vest  
TELIA NORGE AS  
TELENOR NORGE AS



**NVE**

Norges vassdrags-  
og energidirektorat

BKK AS  
NATURVERNFORBUNDET HORDALAND  
Birdlife Norge  
Luftfartstilsynet  
AVINOR AS  
BERGEN OG HORDALAND TURLAG  
Sogn og Fjordane Turlag  
Vestland Bondelag  
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell  
Friluftsrådernes Landsforbund - Bergen og Omland Friluftsråd  
Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag  
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND  
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane  
Sogn og Fjordane Bondelag  
Fortidsminneforeningen i Hordaland  
Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane  
Hordaland Bonde- og Småbrukarlag  
MODALEN KRAFTLAG SA  
AT SKOG SA  
Villreinrådet i Norge  
Grunneigarar/rettshavarar  
Stølsheimen verneområdestyre  
Stølsheimen Villreinvold  
TENDRANETT AS  
NORGES LUFTSPORTFORBUND  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
MOTVIND NORGE  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
VOSS HERAD  
SYGNIR AS  
LINJA AS  
VIK TURLAG  
NORDHORDLAND SKOGEIGARLAG SA  
VAKSDAL TURLAG  
Naturvernforbundet i Indre Sogn


**Kopimottakarliste:**

STATNETT SF



NVE

Norges vassdrags-  
og energidirektorat



Kart 1: Dei to strekningane Statnett SF søkjer om å sette opp nye master vist ved lilla og røde strekar. Kjelde: Statnett SF sin konsesjonssøknad.